



**DET KONGELIGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Nordisk Ministerråd  
Ved Stranden 18  
DK-1061 København K

Deres ref

Vår ref

Dato

17/624

19. juni 2017

**Skriftleg spørsmål E 14/2017 frå Nordisk Råd sitt medlem Ulf Isak Leirstein om utveksling av informasjon ved frådømming av rett til dyrehald i eit av dei nordiske landa**

Regjeringane i dei nordiske landa har motteke eit skriftleg spørsmål frå Ulf Isak Leirstein (N) om å utvikle eit felles nordisk system eller nettverk for utveksling av informasjon ved frådømming av rett til dyrehald i eit av dei nordiske landa. Svaret nedanfor er forankra hjå mine kollegaer i dei andre nordiske landa.

Det er i dag inga avtale om utveksling av informasjon mellom dei nordiske landa om forbod eller sanksjonar mot dyrehald. Ei slik informasjonsutveksling føreset at ein opprettar ei form for internasjonalt register. Eit slikt register reiser ei rekkje spørsmål rundt personvern og rettstryggleik.

Tap av retten til å halde dyr i Noreg er ikkje straff. Både Mattilsynet og domstolane kan ilegge slikt rettighetstap. Rettighetstapet kan vere tidsavgrensa eller for alltid og kan gjelde ein eller fleire dyreartar. Ei avgjerd om rettighetstap om hald av dyr i Noreg, kan ikkje handhevast i eit anna land. Ein person som har fått forbod mot å halde dyr i Noreg, har heller inga meldeplikt til tilsynsmyndigheita ved flytting til eit anna nordisk land.

Dyrevelferdsregelverket i dei nordiske landa er heller ikkje likt, og ein kan ikkje utan vidare samanlikne avgjerder i dei einskilde landa.

Det har vore nokre få døme på saker kor ein som har tapt retten til å halde dyr i Noreg (særleg gjeld dette kjæledyr/hund), har etablert seg i eit anna nordisk land og starta opp med nytt dyrehald. Nokre av dei dyrehalda har vore så dårlege at det har medført reaksjonar frå tilsynsmyndigheitene i det nye landet. Omfanget av slik flytting på tvers av landegrensar er

likevel truleg svært avgrensa, slik at ein neppe vil hindre mange tilfelle av dyremishandling ved å ha eit eige internasjonalt register på dette området. Eg kan ikkje sjå at oppretting av eit slik register med dei utfordringane det har når det gjeld rettstryggleik, personvern og administrative kostnader, vil vere eit forholdsmessig verktøy for å fremme dyrevelferda.

Eg vil elles peike på at det er eit godt samarbeid mellom styresmaktene i dei nordiske landa på området dyrevelferd. Gjennom den nordiske arbeidsgruppa for mikrobiologi, dyrehelse og dyrevelferd er det etablert eit godt nettverk med utveksling av informasjon om regelverket for dyrevelferd og handhevinga av dette. Det har og vore ein eigen konferanse om tilsyn med dyrevelferd i regi av denne arbeidsgruppa.

Når det gjeld informasjon i konkrete saker, vil tilsynsmyndigheitene kunne innhente informasjon frå tilsynsmyndigheter i andre nordiske land om sanksjonar som er pålagte konkrete personar eller verksemder.

Med hilsen

  
Jon Georg Dale